

Sjukdom og skule (kviler på smittevernrettleiaren)

Når går du på skulen?

Berre dei som er friske skal møte på skulen. Er du i tvil, skal du halde deg heime. Du kjem på skulen om:

- Du ikkje har symptom på sjukdom
- Du har hatt luftvegsinfeksjon men har vore symptomfri i 1 døger
- Du berre har typiske symptom på pollenallergi

Om ein i husstanden har symptom på luftvegsinfeksjon, men ikkje stadfesta Covid-19, skal elev/tilsett møte på skulen som normalt. Desse skal gå heim om dei får symptom (sjå under).

Når sjukdom oppstår på skulen

Elevar som får symptom på luftvegsinfeksjon skal få munnbind (får på kontoret) og sendast heim frå skulen og kontaktlærar og avdelingsleiar skal ha melding utan ugrunna opphald. Foreldre/føresette til ikkje-myndige elevar skal ha melding av kontaktlærar/avdelingsleiar. Elevar som treng transport heim skal vente på klasserommet sitt til transporten er klar. Resten av klassen skal flyttast til nytt klasserom/dimmiterast.

Klasserom, toalett og andre områder der eleven har operert skal reingjerast (med vanlege reingjeringsmidler).

Tilsette som vert sjuke på skulen skal varsle avdelingsleiar, får munnbind (på kontoret) og skal reisa heim med det same.